



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 23.02.2023  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 10:15 - 14:50

I dette møtet var det synfaringar:

Klokka 13.00: Klagehandsaming - Søknad om tilkomstveg - gbnr. 160/22 - Klauvholmen/Rebnor

Klokka 14.00: Klage på delingsvedtak på gbnr. 131/11 - Fønnes

Etter synfaring på Fønnes: Buss-stopp ved Bakka-krysset

Orienteringar ved kommunedirektøren

Økonomiorientering ved økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes

Orientering om brøyting ved einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Anne Hildegunn Færøy, Asbjørn Nagell Toft, Atle Vaage, Bjørnar Fjellhaug, Christopher Marius Straumøy, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

Austrheim 3. mars 2023

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
013/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
014/23	Godkjenning av møteprotokoll
015/23	Meldingar
016/23	Delegerte saker
017/23	Orienteringssak
018/23	Klagehandsaming - Søknad om tilkomstveg - gbnr. 160/22 - Klauvholmen/Rebnor
019/23	Klage på delingsvedtak på gbnr. 131/11 - Fønnes
020/23	Planprogram til Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003- Godkjenning
021/23	Rullering av handlingsprogram, kommunedelplan for vann og avløp
022/23	Oppnemning av styringsgruppe for nytt helse og omsorgstun og etterbruk av Nordliheimen
023/23	Behov for kommunale bustader

## **013/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 013/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **014/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 014/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **015/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 015/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

#### **016/23: Delegerte saker**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, gjekk gjennom dei delegerte sakene, jamfør saksutreiinga.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 016/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Delegerte saker vart tekne til orientering

---

#### **017/23: Orienteringssak**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Møtet vart lukka for det eine punktet under orienteringssaka, med heimel i Forvaltningslova § 13 om teieplikt, særleg punkt 2 om "drifts- eller forretningsforhold".

Kommunalsjef Service og Forvaltning Thomas Lindås og kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om ei sak som vart presentert i lukka møte, som omhandla kjøp av kommunal tomt. Kven som er kjøpar er avgrensa til ordførar og kommunedirektør. Det var forståing i formannskapet om at administrasjonen får høve til å forhandla med tanke på om kjøpesummen skal inkludera planering, eller om dette er ein kostnad som kjøpar skal ta sjølv. Vidare var det ei forståing om at dette vil gå utanfor kommunen sitt reglement om sal av eigedommar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om ei historisk sak der det er sett fram krav om utløyning av ei tidlegare forplikting om å stilla med ei tomt som erstatning for areal som vart sett av til veggrunn for fylkesveg. Ser etter tilgjengeleg areal som kan skiljast ut/ er klart som ei bustadtomt, som kan gjevast som erstatning.

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om brøytestandard. Presentasjonen ligg ved protokollen.

Vaage oppmoda til å sjå på om brøyting bør vera eit eige budsjett, og ikkje berre del av drift. Kan det vera eit brøytefond der midlar kan sparast opp, slik at det ikkje trengs å be om meir pengar det året det snør.

Per Lerøy (Ap) viste til at saka er tatt opp etter at det har vore tilfelle der det har lagt seg is på vegen etter snøfall og vêromslag. Spurte om det er lagt på rett nivå for vedlikehaldet, er samstundes open for at det kan vera ulik brøytestandard for ulike vegar i kommunen, der hovudvegane er har betre standard for brøyting og strøing enn andre vegar. Treng ikkje vera lik standard over alt

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra å få fram at ein fast runde tar 12 timar, og då er det bra om ein også har ei prioritering av kva som skal takast først.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om det ikkje tidlegare er sagt at ein skal gå frå grus til salt, meiner det gjev betre kjøreforhold.

Atle Vaage svara at det er sett opp ei prioritering av drift og entreprenørane i samarbeid, på kva rodar som skal prioriterast. Det beste er om det er eigen post i budsjettet slik at det er eit politisk vedtak på kva som er standard for brøyting, publisert på nettsida med standard. Kan ha GPS på brøytebilane, slik at folk kan sjå kvar dei er ute og jobbar til ei kvar tid.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om årsrekneskapen, som er levert innan fristen.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomien, med årsrapport og årsrekneskap med notar. Denne rapporten kjem til politisk handsaming etter at revisor har sagt sitt, og handsaming i kontrollutvalet.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 017/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

## **018/23: Klagehandsaming - Søknad om tilkomstveg - gbnr. 160/22 - Klauvholmen/Rebnor**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Marius Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreinga. I denne saka var det synfaring.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kommunen må invitera seg inn til Statsforvaltaren for å få ein dialog i denne saka.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) oppmoda til å invitera Statsforvaltaren ut på synfaring, og visa dei sakene som har gått til setjestatsforvaltar i Rogaland, og spurt kvifor det er slik. Her svara Per Lerøy (Ap) at det er eit framlegg han stiller seg bak, gjerne ei synfaring der heile formannskapet deltar.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 018/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

---

## **019/23: Klage på delingsvedtak på gbnr. 131/11 - Fønnes**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune tek ikkje klagen til følgje. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg avgjerd.

### **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Utsettingsframlegg foreslått av: Per Lerøy

Formannskapet ber om at sak 008/23 vert utsett til 23. februar og at det vert synfaring i saka.

Handsaming i formannskapet:

Ordførar sitt framlegg om utsetting vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 008/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Formannskapet ber om at sak 008/23 vert utsett til 23. februar og at det vert synfaring i saka.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn N. Toft, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

I denne saka var det synfaring.

Ordførar Per Lerøy (AP) sa at han ville stilla seg bak klagen og vera positiv til deling.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støttar søknaden om deling. Ser ikkje at landbruket rundt kan verta skadelidande av ei frådeling.

Per Lerøy (Ap) sa at den delen som er landbruk gjerne bør vera del av andre gardsbruk, om det skulle vera endringar på gang seinare. Ligg i utkanten.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at ulempene med å ha tre eigarar er mykje større enn ulempene ved ei deling

Nytt felles framlegg:

Austrheim kommune tek klagen til følgje, og støttar søknaden om frådeling av bustad med tomt. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg avgjerd.

Handsaming i formannskapet:

Fellesframlegg om å ta klagen til følgje vart samrøystes vedteke

### **FS - 019/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune tek klagen til følgje, og støttar søknaden om frådeling av bustad med tomt. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg avgjerd.

---

## **020/23: Planprogram til Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003- Godkjenning**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Planprogram for Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 4-1, § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, gjekk gjennom saka jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om korleis det påverkar arbeidet at kommunen sitt område er innanfor planområdet.

Her svara Asbjørn Toft at det ikkje er uvanleg. Kommunen sitt areal er regulert til næring i kommunedelplanen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la til at eigar kan seia at ein vil eller ikkje vil nytta området i tråd med reguleringsplanen, etter at området er ferdig regulert.

Asbjørn Toft sa at det er opp til politikarane å sjå på kva ein skal ta ut av planområdet. Har sagt at det er naturleg å regulera det arealet som er avsett til næring og sjå dette i fellesskap. Kan verta grøntareal, buffer eller næringsområde, det vert opp til politikarane å avgjera.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om fylkesveg 568 ikkje med i planen med tanke på tiltak, og sa at han skulle ønskt seg at fylkesveg 568 var med. Her kommenterte ordførar Lerøy med at Statens vegvesen (SV) nok vil komma med sine kommentarar undervegs i dette arbeidet, og Asbjørn Toft sa at SV kan stilla rekkjefølgjekrav om breiare veg eller gang/sykkelveg, at dette skal leggest inn i planen eller regulerast spesielt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at sentrale her er den presentasjonen med mogleighetsstudiet som vart laga, synest ikkje at det er fast fisk med sirkulær og berekraftig næring. Det er nok næringsareal i kommunen andre stader. Kjem til å røysta mot for å markera motstand mot denne bruken. Framtidige generasjonar kan få vurdere dette sjølve.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om tilkomstveg frå Dyrneskrysset er inkludert, her svara Toft at tilkomst med veg og straum etc. vert inkludert i utgreiingsarbeidet som skal gjerast. Kommunedirektør og politikarar må sjå til at dette vert vurdert skikkeleg av dei som skal gjerast arbeidet.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) viste til at det er programfesta i Sp at ein er mot næring i Øksnesmarka, og han vil stemma i mot.

Per Lerøy (Ap) viste til at dette er i tråd med kommuneplanen, men står fritt til å røysta for eller mot.

Morten Sognnes (H) sa at informasjonen lagt fram av Norconsult var interessant. Kjenner seg trygg på at vegvesen og ande vil ta omsyn til trafikken i dette. Høgre vil støtta framlegget.



Inger Lise Brekke (H) sa at det er mange omsyn i denne saka, bevara myr, tryggare vegar, biltrafikk og mjuke trafikantar. Kjenner seg trygg på at dette kjem opp i konsekvensutgreiinga, og det vil komma opp igjen i neste runde.

Per Lerøy (Ap) sa at det er i reguleringsplanen at desse plussane og minusane vil komma opp. Er kamp mellom kommunane om å få til ein vekst for å vera eit berekraftig samfunn i framtida, der mange distriktkommunar vil få store utfordringar med lite næringsliv. Treng privat verdiskaping for å halda samfunnet oppe. Erfaringa frå batterifabrikk-vurderinga er at det er viktig å stå klar med areal, investorane ønskjer ikkje å venta på reguleringsplan, dei ønskjer å komma i gang på veldig kort varsel. Viktig å ha dette arealet i bakhand til investorane.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er veldig mykje næringsareal tilgjengeleg også i nærare framtid knytt til Mongstad, både i Austrheim og på Alver-sida av kommunegrensa. Om behovet skulle dukka opp seinare er det mogleg for kommande generasjonar å vurdere dette. Spurte om reguleringsstatus på nytt næringsområde, fekk til svar at det er 500 mål som er nesten ferdig regulert ved Mongstad. Dyrkolbotn sa at han ikkje stola heilt på moglegeheitsstudien, det er ingen fast fisk i at det er dette som kjem på plass.

Per Lerøy (Ap) sa areal på Mongstad til dels er eigd av Austrheim kommune, men også av Equinor og andre, der desse kan ha eigne føringar på kva næring dei ønskjer og kva prisar dei set på dette. Alver kommune sitt areal er ikkje ferdig regulert.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig med små og mellomstore bedrifter og det private næringslivet. Dei omsyn som ein skal ta til berekraftig utvikling skal ivareta i prosessen med konsekvensutgreiinga som skal gjerast. Må sjå på kva næringar som passar best i Austrheim, regionen er ein felles bu- og arbeidskommune der enkelte verdiar kan vera viktige å bevara og så er kanskje areal i andre kommunar betre eigna til denne type utvikling.

Per Lerøy (Ap) sa at det er dette med kva type næring som kan komma, er noko ein skal ta stilling til seinare i arbeidet når reguleringsplanen er ferdig. Noko steinuttak skal ein ikkje ha, det vil eg røysta mot, og det skal ikkje reguleringsplanen opna for. Her er det eit næringsareal som skal ligga klart for marin næring.

Administrasjonen orienterte om at planen kan vera klar i 2024, avhengig av om det kjem motsegner, klager eller anna.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med tre mot to røyster. Per Lerøy (Ap), Inger Lise Brekke (H) og Morten Sognnes (H) røysta for. Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) røysta mot.

#### **FS - 020/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Planprogram for Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 4-1, § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

---

**021/23: Rullering av handlingsprogram, kommunedelplan for vann og avløp**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Ønskjer å rullera handlingsplanen heller enn å laga ny VA-plan. Laga ei liste med prioriteringar, som vert politisk vedtaka.
- Kan ta inn vatn til Førland utan å laga ny VA-plan.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 021/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

---

### **022/23: Oppnemning av styringsgruppe for nytt helse og omsorgstun og etterbruk av Nordliheimen**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun
2. Etterbruk av Nordliheimen

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt *prosjektreglement*.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om den vidare organiseringa av prosjektet, og fekk svar av kommunalsjef Færøy og kommunedirektør Fjellhaug om at det er tenkt å laga politiske styringsgrupper, der samansetnad og tal medlemmer skal fastsetast av politikarane sjølve. Vil ha arbeidsgruppe med politikarar for å sikra ei god politisk forankring av prosjektet. Den politiske styringsgruppa kan berre ha medlemmer frå gruppa av folkevalde.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er mest fornuftig å venta med desse politiske styringsgruppene til etter at prosjektmandatet er klart, her sa kommunedirektør Fjellhaug at det er meininga at prosjektmandatet skal komma til kommunestyret 13. april. Lerøy repliserte at det var ein god plan.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppmoda til at valnemnda vart innkalla for å setta arbeidet i gang, her svara Lerøy at beskjeden allereie er gitt.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 022/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun
2. Etterbruk av Nordliheimen

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt *prosjektreglement*.

---

## **023/23: Behov for kommunale bustader**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

- Austrheim kommune ber Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) etablere 12-15 bustader i ulik storleik.
- Vi ber AKE gje ei attendemelding på korleis framdriftsplan vil vere for etablering av bustadene.
- Bustadene kommunen leiger i dag, vert avvikla så snart AKE har fått nye bustader på plass.
- Kommunen inngår leigekontrakt med AKE for dei einskilde leigetilhøva.
- Kommunen sørgjer for at leigetakarar som flyttar inn har tilstrekkeleg buevne.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er meint at Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) skal leiga og framleiga, eller bygga nytt. Her svara ordførar Per Lerøy (Ap) at AKE etter intensjonane kan både leiga, kjøpa og bygga. Kommunedirektør Fjellhaug sa at alle desse alternativa kan vera aktuelle, for å skaffa fleire bustader.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er OK juridisk å gjera det slik opp mot AKE, og fekk det stadfesta av administrasjonen. Leige og kjøp av fast eigedom er unnateke reglane om offentlege anskaffingar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ein modell som er tilsvarande det som er brukt av eigedomsselskapet eigd av Bømlo kommune.

Inger Lise Brekke (H) spurte om grunnlaget for 12-15 bustader, her svara Fjellhaug at det er ein del som er på venteliste, og ser at det kjem flyktningar, og ein treng bustader tilgjengeleg for eigne tilsette. Ser ikkje at det er risiko for at AKE kan bli sitjande med ledige bustader.

Brekke spurte om tilrettelegging av bustader, her svara Fjellhaug at det ikkje har vore særleg tilrettelegging av bustader så langt, og dei som treng særleg tilrettelegging er aktuelle for dei nye ROP-bustadene som skal byggast.

Brekke spurte om kvar ein er for seg at bustadene skal byggast, med tanke på at det kan vera enkelte utan førarkort og bil som skal bu der. Må gjerast vurderingar for å sikra at det er samsvar mellom bustader og behov. Her svara Fjellhaug at det er aktuelt å bygga både på Kaland og Austrheim-sida, men det er ein føresetnad at det skal vera sentralt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det må vera Kaland og Fonnes som er aktuelt på Kaland-sida. Når det gjeld behovet kan det vera mellom anna TAF-elevar på Nordliheimen som treng hybel, og sjukepleiarar som tek helgevakter i Austrheim som har behov for overnatting mellom vaktene. Dette siste støtta Fjellhaug som sa behovet er der alt i dag.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 023/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

- Austrheim kommune ber Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) etablere 12-15 bustader i ulik storleik.
  - Vi ber AKE gje ei attendemelding på korleis framdriftsplan vil vere for etablering av bustadene.
  - Bustadene kommunen leiger i dag, vert avvikla så snart AKE har fått nye bustader på plass.
  - Kommunen inngår leigekontrakt med AKE for dei einskilde leigetilhøva.
  - Kommunen sørgjer for at leigetakarar som flyttar inn har tilstrekkeleg buevne.
-